

MILJØBLADET

HAUSTE

Desember 2016

ÅRIM vil ha meir avfall til sortering

Side 4



Det norske matkastebordet
Side 2



Vi sorterer meir plast enn før
Side 6



Vinn sykkel!
Side 8

La oss gjenvinne meir



Det norske matkastebordet



Mange var interesserte i å snakke om matsvinn på matfestivalen.



Elisabeth Riise Jenssen delte ut smaksprøver på mat som var utgått på best-før-dato.

I fjor kasta kvar nordmann i snitt førtito kilo mat. Talet er svært høgt, men det er likevel fem kilo lågare enn for få år sidan. Utviklinga går rette vegen, seier Elisabeth Riise Jenssen frå Framtiden i våre hender. Ho oppfordrar den enkelte til å tenke gjennom vanane sine.

- Det krev enorme ressursar å produsere mat. Når ein tredjedel av all mat i verda blir kasta, er det eit stort problem både for miljø og økonomi, seier Riise Jenssen engasjert. Ho har skrivne masteroppgåve om norske forbrukarar sine haldningar og vanar knytt til matsvinn, og fortel

at matkasting også har store konsekvensar for matsikkerheit og fordeling av mat.

- Hadde vi fjerna matkastinga frå norske forbrukarar aleine, hadde vi kunne metta fem hundre tusen fleire menneske i verda.

Ho ser moglegheiter og fortel at haldningane til å unngå matsvinn er gode. Tre av fire nordmenn seier dei får dårleg samvit av å kaste mat. Dette erfarte ho også da ho presenterte det norske matkastebordet i samarbeid med ÅRIM, SSR og VØR på matfestivalen i Ålesund.



Matkastefellene

- ✓ **På butikken:** Ha ein plan og ikkje ver svoltent når du handlar.
- ✓ **Datomerking:** Det er stor forskjell på «Best før» og «Siste forbruksdag». Lær deg å lukte, sjå og smake.
- ✓ **Berekning:** Unngå for store pakningar, lag det du treng og server litt av gongen.
- ✓ **Hald oversikt:** Ha ein fast plass for restemat i kjøleskap og frysar. Merk matrestar med dato og innhald.
- ✓ **Ubrukt bonusmat:** Innfør fast restetorsdag! Har du prøvd restepannekaker eller restetapas? Her kan også barna vere kreative.

- Folk var nysgjerrige på all den gode maten som var stilt ut, og dei fleste fekk seg eit sjokk da dei fekk høyre at bordet representerte mengde mat kvar av oss i gjennomsnitt kastar i løpet av eit år. Smaksprøvene våre på forskjellig mat som var utgått på best før-dato var populære. Folk gav uttrykk for at dei ikkje ønskjer å kaste mat, men mange er lite trygge på vurdering av maten.

Fleire trur at det er matkjedane som står for mesteparten av matsvinnet?

- Det er lett å tenke, men vi forbrukarar står faktisk for meir enn seksti prosent av all mat som blir kasta i Noreg. Du og

eg utgjer difor også den største delen av løysinga.

Riise Jenssen tipsar om at den enkelte også kan spare pengar på å redusere matsvinnet.

- Østfoldforskning har berekna at kvar person kan spare ca. 2500 kroner i året på å spise opp, i staden for å kaste maten dei kjøper. I ein familie på fire blir dette ti tusen kroner. Det er mykje pengar. Det gjeld å vere bevisste på «matkastefellene» vi møter i kvardagen. Da kan vi kaste mindre mat utan at det krev så stor innsats. Å redusere matkastinga er vinn-vinn for alle; oss sjølve, samfunnet rundt oss og verda.

FAKTA

- Ein tredjedel av all mat i verda blir kasta.
- Matkasting globalt står for omlag 8 % av alle menneskeskapte klimagassutslepp, og har ein verdi på 750.000 milliardar US dollar.
- Hadde matkasting vore eit eige land, ville det vere landet med tredje størst utslepp av klimagassar i verda, berre slått av Kina og USA.
- I Noreg kastar vi totalt 355.000 tonn spiselig mat i året, noko som har ein økonomisk kostnad på 20 mrd. kroner.

(Kjelde: FAO, mat- og landbruksorganisasjonen i FN og Østfoldforskning.)

Avfall er ressursar



“Folk vil få utdelt eigna utstyr å samle matavfallet i.”



Bodil Utvik Lyngre sorterer mat, og opplever dette som enkelt og sjølvsgagt.



Øystein Solevåg i ÅRIM ønskjer at folk skal sortere mat, glas og metall.

ÅRIM vil ha meir avfall til sortering. Planen er at folk skal få ein dunk for matavfall og ein for glas- og metallemballasje. På tide, er det mange som seier - andre stiller spørsmål.

Å sortere matavfallet kostar meg ingenting, seier Bodil Utvik Lyngre. Utvik Lyngre er dagleg leiar i fiskeeksportfirmaet Nor Seafoods i Ålesund. Ho har høgt engasjement for mat og matkvalitet, både profesjonelt og på heimebane. Ho meiner vi kastar for mykje matavfall, og at nordmenn bør bruke ressursane som finst i maten fullt ut. Ho og familien komposterer maten dei kastar i dag.

Nordmenn kastar for mykje mat

- Noreg er eit dei landa som bruker minst av disponibel inntekt på mat. Likevel er mange meir opptekne av å kjøpe billig, enn å velge varer av god kvalitet. Vi har god råd. Dette er nok ein av grunnane til at vi også kastar store mengder mat, seier ho.

Utvik Lyngre lagar mykje mat frå grunnen, og meiner det er feil å la matrestane havne i restavfallet. Ho opplever det å sortere ut maten, som enkelt og sjølvsgagt.

- Å kaste ressursar i søpla er berre for dumt, seier ho. Sjølv om eg ikkje er nokon gartner, er det heilt naturleg å kompostere matavfallet for å få god jord.

ÅRIM planlegg ny sorteringsordning

Planen er at alle no skal kunne sortere ut både matavfall, og glas og metallemballasje i eigne dunkar.

- Folk får to nye dunkar, fortel dagleg leiar i ÅRIM, Øystein Solevåg. Matavfallet planlegg vi å hente kvar fjortande dag, glas og metallemballasje truleg kvar åttande veke. Dette gjer også at behovet for å hente restavfall går ned, det vil vi hente kvar fjerde veke.

- Dei som komposterer allereie, kan sjølvsgagt fortsetje med det.

Han kjenner seg trygg på at ordninga vil fungere godt, men veit også at folk stiller spørsmål.

- Vi har undersøkt kva folk meiner. Dei er svært positive til å få dunk for glas- og metallemballasje, men vi får ein del spørsmål om kvar folk skal plassere dunkane. Her foreslår vi at folk kan samarbeide med naboane sine om felles dunkar. Dette fungerer særleg godt i tettbygde område.

Å sortere mat er enkelt

Bodil Utvik Lyngre med mann og to barn har etablert gode rutiner på å sortere matavfallet. Ho er positiv til eigen dunk for glas- og metallemballasje, men har hatt sine diskusjonar med folk som er kritiske til meir sortering.

- Enkelte trur at det er ekstra arbeid, men å sortere avfallet tek ikkje noko ekstra tid. Enkelte tiltak er berre riktig å gjere. Det er jo meningslaust å ikkje bruke avfallet best mogleg.

Målet er å utnytte ressursane betre

Solevåg seier seg enig med Utvik Lyngre og ser fram til å starte opp den nye ordninga. Han fortel at målet er å utnytte ressursane i avfallet, slik at vi reduserer den samla miljøbelastninga. Matavfallet skal bli til biogass og jordfodlingsprodukt til landbruket.

- Saka er ute til høyring i alle kommunane som eig ÅRIM. Dersom kommunane vedtek ny sorteringsordning, vil vi starte opp rundt årsskiftet 2017-2018.

Det handlar ikkje om å vinne, men om å gjenvinne

I fjor sorterte folk i Ålesundregionen om lag fem kilo plastemballasje. Molde sorterte dobbelt så mykje, men dette forspranget er vi i ferd med å ta igjen. No klatrar vi nærare. I år kjem kvar person til å sortere nesten seks kilo plast. Dette er bra, folkens! Her er det berre å fortsetje den gode innsatsen.



Slik gjer du det:

1

Skaff eit godt og enkelt kjeldesorterings-system.



2

Sorter all plast-emballasje, alltid.



3

Skyll - rist - kast plasten. Plasten må vere så rein at han ikkje luktar.



4

Heng plastsekken på kroken når det er hentedag.



Plast som er vanskeleg å få rein, for eksempel majonesposar, kastar du i restavfallet. Er du i tvil, kastar du plasten i restavfallet. Plastkanner for kjemikalier og farleg avfall skal til miljøstasjonen.

VINN EIN SYKKEL!



1

2

3

1 Kven står for minste delen av matsvinnet?

Alt 1: forbrukarar Alt 2: matkjedane

2 Kva vil ÅRIM bruke matavfallet til?

Alt 1: biogass Alt 2: suppe Alt 3: dyrefor

3 Kor mange kilo mat kasta kvar person i 2015?

Alt 1: trettito Alt 2: førtito Alt 3: femtifire

Finn løysingsordet og bli med på trekkinga av ein flott sykkel.

Løysingsord: _____

Send løysingsordet, namn og telefonnr til post@arim.no.
Du kan også sende det til Langelandsvegen 1, 6010 Ålesund.
Frist for innsending: 10. januar

Velkomen til miljøstasjonane våre!

Sorter avfallet før du kjem på miljøstasjonen, da går besøket raskare og enklare for deg.

TREVIRKE	PAPP	GLAS OG METALL	FARLEG BYGGAVFALL
Impregnert TREVIRKE	METALL	SMÅELEKTRISK	GJENBRUK
Brennbart AVFALL	BILDEKK MED FELG	PLASTEMBALLASJE	FARLEG AVFALL
Ikkje brennbart AVFALL	BILDEKK UTAN FELG	LYSPÆRE / LYSRØR	EE-AVFALL
PLAST	GIPS	BATTERI	STORE KVITEVARER

Etter nyttår får du ny kvote på kortet.

Standard kvote er: 600 kilo blanda avfall • 1000 kilo farleg avfall • Fri mengde hageavfall, elektrisk og elektronisk avfall.

Hugs miljøstasjonkortet, for å levere avfall utan å betale.

Dei som ikkje har kort betaler etter gjeldande prislister.

Burettslag og sameige har også kvote

Den som mottek rekninga for renovasjon har fått miljøstasjonkortet. Spør vedkomande om å få bruke kortet og kvota. Det går også an å bestille tvillingkort.

Bruk alle miljøstasjonane våre

Så lenge du har med miljøstasjonkortet, kan du bruke alle miljøstasjonane våre. Dei har ulike opningstider. Du finn tider og plassering på arim.no.



Har du spørsmål eller tilbakemeldingar?

Kontakt oss gjerne på 70 31 41 00, post@arim.no eller Miljøsekskapet ÅRIM på Facebook.